

PÅMELDING I JUNI!

1. –Gå inn på www.iKyrkja.no

–På framsida i menyen **til venstre**, vil de finne elektronisk påmeldings-skjema (min Kirkeside/orsta) under fana:

– **Innmelding for konfirmant.** (Logg inn med mobilnr. og få kode)

–Saman med ein føresett legg de inn informasjonen via nettet. Finn fram personnummeret ditt, og ha det klart.

Om de ikkje har tilgang til data, er det berre å ta kontakt, så ordnar me innmeldinga på annan måte. 700 48648.

2. –Møt også opp til innskriving som konfirmant i kyrkja di!

VIKTIG:

Innskrivingsdatoane du skal møte i kyrkja di står oppført på førre side.

*Foreldremøter vert tidleg hausten 2023. Informasjon kjem.

GLER OSS TIL Å SJÅ DEG SOM

KONFIRMANT HJÅ OSS I DEN NORSKE KYRKJA! 



DEN NORSKE KYRKJA

Ørsta kyrkjelege fellesråd



Konfirmant i kyrkja 2024

ER DU MED?

Me som arbeider i kyrkjene i Ørsta har i alle fall lyst å ha deg med!

Det er ikkje berre for deg som trur, men for alle, også om ein tvilar eller kanskje er nyfiken.

Du kan få utforske viktige spørsmål, undre deg og ha eit godt felleskap saman med andre. Du lærer litt meir om deg sjølv også, og får nye opplevingar saman med vener du har og vener du får.

I kyrkja på konfirmasjonsdagen, vert det som hende i dåpen stadfesta og synleggjort på ein flott måte, det vert ein høgtidsdag!

Ørsta kyrkjekontor, Vikegata 5, 6150 Ørsta
epost: postmottak@orsta.kyrkja.no

www.iKyrkja.no



Konfirmantbrosjyre Ørsta 2024

Fast opplegg i konfirmantåret:

Avspark!: For alle nye konfirmantar er hausten 2023. Dato er sett til 2. september 13.30, oppmøte ved Hjørundfjord kyrkje. Meir om dette kjem etter innmeldt som konfirmant.

LEIR!: Kanskje noko av det beste med å vere konfirmant?

Me er i lag i 2 døgn på Sunnmøre Folkehøgskule i Ulsteinvik i vinterferien. Sosialt og i lag med vener, kanskje nytt vennskap, god mat, undervisning, leikar, gudsteneste, songar, aktivitetar, og tur ut, er berre noko av alt me får med oss på leiren!

ALLE skal med: Treng ein litt ekstra tilrettelegging, gjer me det etter avtale. Det er viktig både for ungdomen og oss, å få vite om utfordringar ein måtte ha, slik at konfirmanttida vert så god som mogeleg!

Undervisning: Knytt til tema. De møter på samlingar anten på kyrkjekontoret, i kyrkja eller ute. Det vil stå på planen kvar de møter, endringar og varsling vil me gi via SMS.

SMS og e-post: Det er svært viktig at de oppgir mobilnummer og e-postadresse som ER i bruk! Me brukar desse kanalane for å gi informasjon og for varsling. Informasjon no vidare framover kjem på e-post, og vert også lagt ut på nettsida www.iKyrkja.no.

Gudstenestekurs: Ein time i kyrkja. Lære om kvifor og kva gudsteneste er. Delta i klokkarteneste i ei gudsteneste seinare.

Presentasjons- gudsteneste:

Skjer i di kyrkje.

Vartdal:

27.08.23

Hjørundfjord:

10.09.23

Ørsta:

A og B: 03.09.23

C og D: 10.09.23

E og F: 17.09.23

Gudstenester:

Konfirmantane tek del i gudstenester og har klokkarteneste. Informasjon om dette kjem i brev seinare.

Nokre viktige datoar i 2023/2024

Fleire datoar i konfirmantkalender får de seinare.

Dato	Tid	Stad/kva
6. juni -23	Rett etter skule	Vartdal innskriving
7. juni -23	Rett etter skule	Hjørundfjord, innskriving
8. juni -23	14.45/15.15/ 15.45	Ørsta 8A, 8B og 8C innskriving
9. juni -23	14.45/15.15/ 15.45	Ørsta 8D, 8E og 8F innskriving
2. sept -23	13.30	Avspark! Den offisielle konfirmantårsoppstarten. Foreldremøter: info. Hausten Presentasjonsgudsteneste: Informasjon kjem .
17-19.02.24	19.-21.02.24	2024: LEIR 1 og LEIR 2.
19. mars -24	Meir info. kjem	Fasteaksjon
28. april-24	11:00	Vartdal, Konfirmasjon
5. mai-24	11:00	Hj.fjord, Konfirmasjon
4. mai-24	12:00	Ørsta konf. Ope tilbod
5. mai-24	10:00/12:00	Ørsta konf. 9A og 9B
11. mai-24	10:00/12:00	Laurd. Ørsta 9C og 9D
12. mai-24	10:00/12:00	Ørsta konf. 9E og 9F

